

# MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 1

Saksnummer: 140005-10000 AFS	Kommune:
Møtedato: 18.02.2005	Sakshandsamar: T. Øvrebø

MØTE I FYLKESLANDBRUKSSTYRET 18.02.2005.

SAK: ECON-RAPPORT 2004-089: REGELVERK  
OG INNOVASJON I LANDBRUKET - HØYRING

LANDBRUKSDIREKTØREN SI SAKSUTGREIING:

Med bakgrunn i Landbruks- og matdepartementet (LMD) sitt arbeid med Landbruk Pluss har firmaet ECON gått gjennom sektor- og areallovne for å finna fram til hindringar for alternativ næringsutvikling i landbruket. Gjennomgangen har enda opp i ein 85-siders rapport med analysar og forslag som LMD no har sendt på høyring, sjå vedlagde kopi av høyringsbrevet av 16.12.04. Både Fylkesmannen og Fylkeslandbruksstyret er høyringspartar og fristen er 15.02.05. Vi har lagt ved kopi av dei 9 første sidene i rapporten, som har overskrifta "Sammendrag og konklusjoner". Heile dokumentet er elles tilgjengeleg på LMD sine nettsider ([http://odin.dep.no/lmd/norsk/dok/hoeringer/paa\\_hoering/](http://odin.dep.no/lmd/norsk/dok/hoeringer/paa_hoering/)).

Våre merknader nedanfor er avgrensa til å gjelde nokre av endringsframlegga.

## **Delingsforbodet:**

I høve delingsforbodet i jordlova § 12, konkluderer rapporten med at ei avvikling vil vere til beste for innovasjon og næringsutvikling. Det vert også lagt til grunn at forbodet kan vere til hinder for ei ytterlegare, naudsynt strukturrasjonalisering. Samstundes peikar rapporten på at praktiseringa av forbodet er temmeleg liberal, i alle høve i uttynnings- og utkantområder.

Vi meiner at det vil vere lite å vinne på ta bort delingsforbodet. Gjeldande regelverk tillet deling dersom vektige samfunnsinteresser talar for det, noko som opnar for ei dynamisk og heilskapleg tilpassing av politikk og praktisering. Tek ein bort forbodet er vi redd det vert mange døme på oppsplitting av eigedomar, gjerne for at alle borna skal få "sin del av arven", bli sikra ein liten del av slektsgarden, o.s.b.

Det er dessutan vanskeleg å sjå at det vil vere i tråd med jordlova sitt føremål å ta bort eit reglementet som i stor grad også skal hegne om komande generasjonar sine interesser. Areal- og ressurslovgjevinga må sjølvstøtt ha ein noko lenger tidshorisont enn kva tilfelle kan vere for meir mikroøkonomiske reguleringar.

Vi har ikkje inntrykk av at delingsforbodet i dag er eit reelt hinder for den som har nokolunde velfunderte planer om næringsaktivitet på eller i tilknytning til ein landbrukseigedom. I tett på alle deler av vårt fylke vil slik aktivitet bli rekna som interessant for samfunnet, både det store og det lokale, og i dei langt fleste tilfelle vert det funne løysingar som både tilgodeser den innovative sine interesser og ivaretek dei meir tradisjonelle landbruksomsyna. Lokalt skjønner i så måte er etter vår meining både viktig og riktig. At det dermed kan bli skilnader mellom kommunane med omsyn til praktiseringa, er eit kalkulert resultat av dei seinare tidars

# MØTEBOK

Saksnummer: 140005-10000 AFS	Kommune:
Møtedato: 18.02.2005	Sakshandsamar: T. Øvrebø

delegasjonar og mobiliseringa av kommunane som landbrukspolitiske aktørar.

Den som ønskjer å avhende landbruksareala sine som tilleggsjord vil regelmessig få løyve til å dele eigedomens dersom styresmaktene finn at ei slik løysing inneber ein samfunnsmessig gevinst. Vi vil meine dette er eit betre utgangspunkt for ei ansvarleg forvaltninga av dei matproduserande arealressursane enn om det låg fullt og heilt til den enkelte eigar sine meir eller mindre kortsiktige målsetjingar, t.d. om å få dei ulike kapitalelementa på eigedomens til å kaste mest mogeleg av seg.

Vår konklusjon i høve framlegget om å fjerne delingsforbodet vert difor at det er lite å vinne på det, men fare for å tape langt meir.

### **Priskontroll og bu- og driveplikt:**

I følgje rapporten bør priskontrollen fjernast. Ein reknar med at dette vil innebere auka omsetjing av landbrukseigedomar, og at der ofte er ein samheng mellom viljen til å betale og evna til å utnytte kapitalen på eigedomens.

Vi er samde med rapporten i at priskontrollen truleg bremsar lysta til å selje, samt at utbodet av landbrukseigedomar i den opne marknaden bør bli større. Samanhengen mellom betalingsvilje og innovasjonsevne er vi derimot meir usikker på. Der eigedomens har stor buverdi, i by- og tettstadnære strok, vil kapitalsterke bustadkjøparar ofte utkonkurrere både innovatøren, den som ønskjer å etablere seg i landbruksnæringa, og den som ønskjer å utvide eksisterande drift ved tilkjøp av areal. I andre områder er det den kapitalsterke kjøparen av fritidseigedom som vil utkonkurrere den næringsinteresserte. Eit langt meir dispensasjonsfritt bu- og drivepliktsregelverk kan, saman med strengare eller meir målretta konsesjonsvurderingar og utvida vilkårsbruk, til ein viss grad motverke ei slik utvikling.

Under føresetnad av at det vert innført slike verkemiddel, som kan styre eigedomssomsetjinga i retning fleire nyetableringar både innan tradisjonelt landbruk og innovativ næringsutvikling, kan der kanskje vere ein samfunnsmessig vinst i å fjerne priskontrollen på landbrukseigedomar.

Som påpeika i rapporten opnar dagen konsesjonslov for at det kan fastsetjast ei ikkje personleg bu- og driveplikt ved konsesjonspliktig overtaking av landbrukseigedom, noko som opnar for at også juridiske personar kan få konsesjon. Likevel vert det hevda – slik vi forstår rapporten - at risikoen for eit eventuelt krav om personleg oppfyljing av pliktene, kan redusere tilgangen på kapital til landbruket. Vi for vår del har såpass tillit til konsesjonsstyresmaktene, i første omgang kommunane, at det ikkje vil bli fastsett slike personlege plikter i dei tilfelle der det ikkje er føremålstenleg. Tidvis vil det også vere høve til å innhente førehandstilsagn om slike spørsmål.

### **Odelslova:**

Rapporten vil fjerne odelslova. Fylkesmannen og Fylkeslandbruksstyret gav uttale til

# MØTEBOK

Saksnummer: 140005-10000 AFS	Kommune:
Møtedato: 18.02.2005	Sakshandsamar: T. Øvrebø

dette spørsmålet ved høyringa av NOU 2003: 36 "Om odels- og åsetesretten". Fylkesmannen gjekk inn for å behalde odelsretten, om enn med modifikasjonar. Fleirtalet i Fylkeslandbruksstyret, 5 medlemmer, meinte at odelsretten burde avviklast. 2 medlemmer var samde med Fylkesmannen. Vi viser i så måte til Fylkeslandbruksstyret si møtebok av 11.06.04, sak 140004-10002 DIV.

## **Regulering knytt til produksjon og omsetjing:**

- Nokre få, korte merknader:

Rapporten konkluderer ikkje på spørsmålet om føresegnene i matlova og tilknytt regelverk vert handheva for strengt overfor småprodusentane. Det er rimeleg. Mange motstridande interesser lyt her vegast mot einannan, og til liks med ECON har vi ikkje i dag noko velfundert meining om spørsmålet.

Kva gjeld kvoteordninga for mjølk, trur vi dagens system vil gje minst like bra resultat som den ordninga rapporten gjer framlegg om (tilskot med statsar differensiert på fylkesnivå).

## **Avslutningsvis**

vil vi få kome med nokre merknader til ein del av statistikkaterialet. Ein bør truleg vere varsam med å trekkje bastante eller vidtfemnande konklusjonar på bakgrunn av søknads- og avgjerdsstatistikk. Det er nok heilt rett når det på side 48 i rapporten vert sagt at tala kan vere misvisande. I tillegg til dei metodiske feilkjeldene, t.d. varierende eller upresis føring og rapportering, er det vår erfaring at mange "dårlege" søknader vert stogga før dei vert realitetshandsama. Særleg når det gjeld frådelling og omdisponering kjem søkjaren i dialog med kommunen, og i fellesskap vert det funne høvelege ordningar som kan godtakast både av søkjar og styresmakter. Også innanfor andre saksområder vil rettleiing/dialog og kjennskap til praksis kunne innebere at søknadene vert tilpassa både faktiske forhold, regelverk og politikk.

I tilknytning til praktiseringa av bu- og drivepliktsreglementet vert det på side 59 i rapporten sagt at i m.a. vårt fylke har ein "gitt opp" busetjingsmålet på visse stader. Dette er ukjent for oss. I alle høve har vi ikkje støytt på denne haldninga i vår kontakt med kommunane. Fritakssøknader skal handsamast individuelt og konkret, og lovverk og praksis stiller opp ulike kriterier som skal vurderast i kvar einskild sak. I fylket vårt er der temmeleg mange små og magre bruk, her er mange utkantar og til dels vanskelege kommunikasjonstilhøve og tidvis mykje vind og vør. Difor vil det sjølvsagt også vere relativt mange eigedomar der ein i dag ikkje med rimelegheit kan pålegge folk å bu.

## **I SAMSVAR MED FULLMAKT FRÅ FYLKESMANNEN GJEV LANDBRUKSDIREKTØREN SLIK INNSTILLING:**

Fylkeslandbruksstyret syner til landbruksdirektøren sine merknader ovanfor, og sluttar

# MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 4

Saksnummer: 140005-10000 AFS	Kommune:
Møtedato: 18.02.2005	Sakshandsamar: T. Øvrebø

seg i hovudsak til det som der er sagt.

## HANDSAMING I STYREMØTE:

Styret drøfta saka.

Arve Glomnes gjorde slikt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fylkeslandbruksstyret har ikkje merknader til konklusjonane i rapporten.

## AVRØYSTING:

Landbruksdirektøren sitt framlegg fekk 5 røyster (Bakken, Krf; Gjerland, Sp; Aafedt Fjærestad, Sp; Sølvsberg, V; Eide Kirketeig, A).

Glomnes sitt framlegg fekk 2 røyster (Glomnes, Frp; Stave, H).